

Sak 14/18 Vegem vidare for Lye forsamlingshus

Innleiing

Endringane som har skjedd på Lye forsamlingshus siste året, har endra samarbeidet og tilhøva for Lye forsamlingsstyre totalt. Det er lovfesta at Lye forsamlingshus skal ha eit forsamlingsstyre, med ansvar for fellesarbeidet på Lye forsamlingshus. Organisasjonane si møteverksemd er ikkje rekna med under fellesarbeidet.

Dette dokumentet vil gjere greie for korleis noverande Lye forsamlingsstyre ser for seg organisering av arbeidet på Lye forsamlingshus etter at det vart etablert to fellesskap på søndagane, og avtalen mellom Lye forsamlingsstyre og Time sokneråd er sagt opp.

Lye forsamlingsstyre vil med dette dokumentet legge fram for Årsmøtet tankar om korleis fellesarbeidet på Forsamlingshuset kan organiserast, og vil lytte til innspel om korleis ein kan gå vidare med å finne den beste løysinga for arbeidet på Lye forsamlingshus.

Avtalen om samarbeid om gudstenester med Den norske Kyrkja er sagt opp av Time sokneråd. Oppseiingsfristen er 6 månader. Det betyr at frå 01. august 2018 er gudstenestene på Lye i regi av Den norske kyrkja, Dnk.

Dnk ved Time sokneråd har på sjølvstendig grunnlag allereie gitt signal om at dei vil halde fram med gudstenester på Lye. Forsamlingsstyret ønskjer dette arbeidet velkommen.

Forsamlingsstyret er lovfesta og vil halde fram og etter 01. august, men då utan at soknepresten deltar.

Evt. lovendingar kring Lye forsamlingsstyre må bli sak på Årsmøtet 2019.

Status:

På Lye forsamlingshus er det no to ulike søndagsfellesskap; INN-kyrkja står for det eine og Den norske Kyrkja for det andre. Den norske Kyrkja sine gudstenester vil inntil 1. august 2018 vere i samarbeid med Forsamlingsstyret.

Dei som har konstituert seg som INN-kyrkja har organisert seg med utgangspunkt i eit fellesdokument utarbeidd av dei tre organisasjonane IMF, NLM og Normisjon.

Dei tre organisasjonane, IMF, NLM og Normisjon er framleis medeigarar av huset saman med Time sokneråd, KFUK/KFUM og NMS, og har ikkje meld seg ut av dette fellesskapet.

Fellesarbeid – ein oversikt

Mykje av arbeidet på Forsamlingshuset kan komme inn under definisjonen fellesarbeid. Her reknar vi opp noko av det

- Ungdomsarbeid
- Korarbeid
- Barnearbeid (t.d, Juniorkro Barnegospel, søndagsskule)
- Familiearbeid (t.d. fredag i fellesskap)
- Vaksenarbeid (bibelgruppeoppfølging, alphakurs, vaksenfestar, diakonalt arbeid, middag for 6))

Det er uklart for Lye forsamlingsstyre om det er mogeleg å finne ein samarbeidsmodell for noko av dette, men styreleiar for Interimsstyret svarar på forespurnad at dei i utgangspunktet er positive til samarbeid.

Slik lovene er per no må samarbeidet vere gjennom eit Forsamlingsstyre, valt av årsmøtet.

Forsamlingsstyret er lovfesta, og representerer alle på Forsamlingshuset.

INN-kyrkja sine søndagssamlingar og DnK sine gudstenester vil vere to heilt separate tilbod, og vert ikkje drøfta vidare i dette dokumentet.

Med to separate fellesskap vil ein likevel kunne samarbeide på mange område.

Døme på samarbeid i denne modellen

I ein slik modell kan ein sjå på td. Lukas og anna ungdomsarbeid som autonome einingar, der dei som deltar gjer det ut frå interesse, og kan tilhøyre både INN-kyrkja og DnK.

KRIK er et arbeid med tilknytning til ein ekstern organisasjon, og fungerer som ei autonom eining. Det same gjeld Speidaren.

Søndagsskulen er og autonom, med si tilknytning til Søndagsskuleforbundet. Men her kan ein og ha andre tilslutningar, uavhengig av INN-kyrkja og DnK.

Samarbeid om Alfakurs er eit anna døme, der ein kan hente medarbeidarar frå begge fellesskapa.

Autonome einingar kan søkja støtte og tilknytning til eit eller begge søndagsfellesskapa.

På ein liten plass som Lye der det er begrensa antal personar å ta av, vil dette kunne løyse nokre av utfordringane med nok menneskelege ressursar i arbeidet.

I ein modell med autonome arbeidslag vil forsamlingsstyret vere utan konkrete oppgåver og kan avviklast. Om det skjer, foreslår Forsamlingsstyret at midlane knytt til givartenesta vert øyremerka barne- og ungdomsarbeid. Forsamlingsstyret vil arbeide vidare med ein modell for forvaltning av midlane dersom Forsamlingsstyret

vert avvikla. Dette vil vere sak på Årsmøtet 2019. Fram til det vil Forsamlingsstyret forvalte pengane på best mulig måte.

Om ein skulle velje denne modellen, må Lye forsamlingsstyre bruke tida fram mot årsmøtet 2019 på å avvikle arbeidet sitt, og legge fram forslag til lovending på årsmøtet 2019.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet tar saka til orientering, og bed Forsamlingsstyret arbeide vidare med strukturen for fellesarbeidet ved Lye forsamlingshus, slik dette dokumentet foreslår. Årsmøtet bed om at saka vert lagt fram for Årsmøtet 2019.

Årsmøtet bed vidare at Forsamlingsstyret legg fram forslag til modell for vidareføring av givarteneste for barne- og ungdomsarbeidet til Årsmøtet 2019.